



Club Med 2 er ein spesiell og staseleg farkost som i føremiddag var på gjennomfart på våre trakter med Nord-Norge som mål.

Det skal vera det største siglande cruise-skip i verda. Skipet er spesielt fordi det kombinerar krafta frå 7 computer-opererte segl med tradisjonell diesel-elektrisk framdrift.

Skipet er 15 000 tonn stort og nesten 200 meter langt og vart fullført og sett under segl i 1996 i Frankrike, men det er registrert i Wallis and Futuna, ei øy i Stillehavet.



Om vinteren opererer det i Caribbean mens det om sommaren er å sjå i vår del av verda. Maksimalt kan det ta nesten 400 passasjerar og var eit mannskap på vel 200.

Det finn sin veg inn i farvatn der større cruiseskip ikkje kan gå og har med andre ord eit konkurransefortrinn. Bileta av Club Med 2 er teke frå Skorpo av Terje Hauge

Av Ola Matti Mathisen

